

Notat

Dato: 24.05.2017
Arkivsak: 2014/13889-67
Saksbehandlar: lisadla

Fagdag om sykkel, 9. juni 2017 - program

Hordaland fylkeskommune har klare målsetjingar når det gjeld å få opp andelen som går, sykklar og nyttar kollektivtransport. Denne satsinga ber med seg både miljø- og folkehelsevinstar. I dette arbeidet er det viktig å sikre gode trafikale løysingar for alle trafikantgruppene. Nullvisjonen om drepne og hardt skadde må liggje støtt trass i auka tal mjuke trafikantar, og med det større risiko for alvorlege skader. Dette er også ein av grunnane til at Hordaland fylkeskommune i inneverande handlingsplanperiode (2014-2017) har «Mjuke trafikantar i byområde» som eit av sine tre satsingsområder.

Då programmet til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sin årlege trafikksikringskonferanse i november 2016 vart utarbeidd var det semje om å ha fokus på mjuke trafikantar, og då særleg born, men ikkje å ta opp tema knytt til sykkel. Planen var å gjennomføre ei eiga samling våren 2017 der trafikksikring og sykkel vart sett på agendaen. Dette arbeidet har no ført fram, og ein fagdag om sykkel vert arrangert 9. juni 2017. Fagdagen er fullteikna med 90 deltakarar frå kommunar, fylkeskommunar, Statens vegvesen, Trygg Trafikk, Politiet, konsulentar osb.

Vedlagt er programmet for dagen.

Vedlegg

1 Program for Fagdag om sykkel, 9. juni 2017